



KOPI

Equinor ASA  
Postboks 8500  
4035 STAVANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3294 - 18/34060

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
13.11.2018

## Mellombels dispensasjon og løyve til oppføring av kantine - gbnr 127/96 Mongstad

### Administrativt vedtak. Saknr: 613/18

**Tiltakshavar:** Equinor ASA  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS Avd Bergen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av mellombels kantinerigg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 1.380 m<sup>2</sup>. Bygget er eit brukt modulbygg som har vore i bruk på Mongstad tidlegare, og no vert flytta tilbake for å avlasta eksisterande driftskantine i periodar med høgare bemanning enn normalt. Bruken vert størst under den planlagde vedlikehaldsstansen i 2019.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og leidningsnett.  
Saka omfattar søknad om dispensasjon frå energikrava i TEK.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.10.2018 og supplert 09.11.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskontroll vart meldt til ansvarleg søkjar pr telefon. Dokumentasjon vart motteken i e-post 09.11.2018.  
Sakshandsamingsfristen er 12 veker for saker med dispensasjon.

### Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplanen Statoil Mongstad industriområde (Equinor i dag)

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå plan. Tiltaket krev dispensasjon frå byggtknisk forskrift (TEK).

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Da kantineriggen er av eldre dato vil det være uforholdsmessig å oppgradere til dagens standard, dette kombinert med at kantineriggen er kun tenkt å avlaste eksisterende kantinerigg under spesielle situasjoner ved driftsstans etc der det er økt bemanning på Mongstad under vedlikehold.

Tekniske spesifikasjoner for bygget er: Tykkelse tak og gulv 20 cm. Vegg 10 cm og 2-lags vindu.

Bygget skal i daglig drift fungere som avlastning for driftskantine på Site. I tillegg skal den benyttes som leirkantine under revisjonsstansen i 2019. Prognosen som er lagt til grunn for bruk av kantinen er:

Det er vidare gjort greie for talet på personar som skal bruka kantina i dei ulike delar av bruksperioden.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

### **Anna lovverk**

Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til byggeplanane etter Arbeidsmiljølova.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla, då tiltaket ligg langt frå yttergrensa for Equinor sine eigedommar på Mongstad.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 30.10.2018

### **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket skal knytast til kommunalt vatn og avløp via Equinor sitt interne leidningsnett.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Avkjørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tek 10, som kan nyttast i ein overgangsperiode t.o.m. 31.12.2018 gjeld for mellombels bygg, med unntak av kapitla 8, 12 og 13, som gjeld så langt det passar. For kapittel 14 gjeld berre § 14-3 - Minimumskrav til energieffektivitet.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Krav til energieffektivitet skal sikra eit godt inneklima utan at energiforbruket vert for høgt. Manglande varmeisolasjon må kompenseras med høgare energibruk, for å oppretthalda same temperatur inne.

Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå tekniske krav for nye bygg. For flytting og gjenbruk av eksisterande bygg med avgrensa bruk i ein avgrensa periode vurderer vi det litt annleis. Her kan høgare energibruk forsvarast, framfor ekstra investering i oppgradering av bygget.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på fordelane med gjenbruk av eksisterande bygningsmodular for mellombels bygg.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå minimumskrav til energieffektivitet er oppfylt.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå minimumskrav til energieffektivitet etter Byggteknisk forskrift § 14-3 , jf plan- og bygningslova § 29-5, for oppføring av mellombels kantinerigg . Dispensasjonen gjeld i to år.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for etablering av mellombels kantinerigg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 09.11.2018, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Når bygget er på plass, skal bygget målast inn og innmålingsdata sendast kommunen.
3. Løyvet gjeld i 2 år, til og med 15.11.2020. Etter denne datoen skal bygget ikkje vera i bruk. Bygget skal fjernast innan utgangen av 2020, med skriftleg tilbakemelding til kommunen.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3294**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

(Org PDF) Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett

**Kopi til:**

Equinor ASA

Postboks 8500 4035

STAVANGER

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020  
5811

BERGEN  
BERGEN

**Mottakarar:**

Norconsult AS Avd Bergen

Postboks 1199 5811  
Sentrum

BERGEN